



RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV HABILITESSPØRSMÅL

vedtak 42/2017



Vanylven kommune

OVERSIKT

1	INNLEIING	4
1.1	Formål	4
1.2	Definisjon – "habilitet/inhabilitet"	4
2	HABILITETSREGLANE SINE VERKEOMRÅDE	4
2.1	De alminnelege habilitetsreglane	4
2.1.1	Kven reglane gjeld for	5
2.1.2	Når reglane gjeld	5
2.2	Særlege habilitetsreglar	5
3	NÆRARE OM INNHALDET I DEI ALMINNELEGE HABILITETSREGLANE	5
3.1	Innleiing	5
3.2	Oversikt over grunnlag for inhabilitet	5
3.2.1	Om § 6 første lekken	5
3.2.1.1	Bokstav a – når tenestemannen sjølv er part i saka	5
3.2.1.2	Bokstav b – når tenestemannen er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søskjen	6
3.2.1.3	Bokstav c – når tenestemannen er eller har vore gift med eller er forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part	6
3.2.1.4	Bokstav d – når tenestemannen er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore verje eller fullmektig for ein part etter at saka starta	6
3.2.1.5	Bokstav e – når tenestemannen leier eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for enkelte samvirkeforetak eller selskap	7
3.2.2	Nærare om § 6 andre ledd	8
3.2.2.1	Vilkåret "særlege forhold"	8
3.2.2.2	Vilkåret "eigna til å svekke tilliten til hans upartiskhet"	8
3.2.2.3	Vilkåret "særleg fordel, tap eller ulempe for han sjølv eller nokon som han har nær personleg tilknytning til"	8
3.2.2.4	Det skal også leggjast vekt på om det er kome innvending(ar) mot gildskapen av ein part	9
3.2.2.5	Praktiske eksempel – § 6 andre ledd	9
3.2.3	Nærare om § 6 tredje ledd	9
3.2.4	Unntak frå habilitetsreglane- § 6 fjerde ledd	10
3.2.4.1	Nærare om "openbertt at tenestemannens tilknytning til saka eller 'partane ikkje vil kunne påverke hans standpunkt"	10
3.3	Førebels avgjerd i hastesaker – § 7	10
4	INNHALDET I SÆRREGLAR OM HABILITET – KOML. § 40 NR. 3	11
4.1	Bokstav a – val til offentlege verv eller fastsetting av godtgjersle m.m.	11
4.2	Bokstav b – tidlegare tilknytning av saka som tilsett	12
4.3	Bokstav c – tidligare tilknytning av ei sak som er gjenstand for kommunal klagesakshandsaming	12
5	HANDSAMING AV HABILITETSSPØRSMÅL	13
5.1	Kven fattar avgjerda?	13
5.2	Førelegging av spørsmålet for overordna	13
5.3	Avgjerdsform	13
5.4	Overprøving	13
6	KONSEKVENS AV AT INHABILITET LIGG FØRE	14
7	PRØVING AV LOVGRUNNLAG	15

INNLEIING

Inhabilitetsreglane som går fram i den lova og forskrifta som blir nytta for kommunal forvaltning, representerer eit grunnleggjande rettsprinsipp som skal brukast i all offentleg verksemd.

Føremålet med dette reglementet er å sikre at forvaltning, sakshandsaming og avgjerder i Vanylven kommune sine organ skjer i samsvar med dei krav til objektivitet og handlingsfri-dom som går fram i lov og forskrift. Til dette skal reglementet leggje til rette for at kommunen sine vedtak vert fatta på korrekt grunnlag, utan påverknad av utanforliggjande omsyn.

Reglementet skal vidare sikre at kommune-forvaltninga framstår open, nøytral og tillits-skapande, samt verne kommunen sine ved-taksorgan mot at det vert sådd tvil om deira truverd.

At somme av kommunen sine tenestemenn/folkevalde er habile til å handsame ei sak inneber at det ikkje ligg føre tilhøve knytta til vedkomande person, saka eller partane i saka som er eigna til å skape tvil rundt korvidt saka er handsama på ein upartisk og objektiv måte.

Motsett er vedkomande tenestemann / folke-valde inhabil når det ligg føre tilhøve som er eigna til å skape slik tvil.

2

HABILITETSREGLANE SITT VERKEOMRÅDE

2.1 Dei alminnelege habilitetsreglane

2.1.1 Kven reglane gjeld for

Dei alminnelege inhabilitetsreglane som vert stilte opp i forvaltningslova (fvl.) gjeld, ifølgje denne sin § 6, for of-fentlege tenestepersonar, slik desse er definert i fvl. § 2 første ledd bokstav d *"en embetsmann eller annen som er ansatt i [...] en kommunes tjeneste"*, samt *"enhver annen som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan"*, jf. fvl. § 10.

Med *"enhver annen som utfører tjeneste eller arbeid"* for eit forvaltningsorgan vert det blant anna vist til folkevalde representantar i kommunale kollegiale organ, personar/konsulentar som har stilling eller verv i private organisa-sjonar eller liknande og som handlar på vegne av kommunen, osv.

Det saklege verkeområdet *"tjeneste eller arbeid"* treng ikkje å innebere offentleg myndighetsutøving. Habilitets-reglane gjeld ikkje berre når det vert gjort enkeltvedtak og forskrifter, men også for personar som opptrer på vegne av det offentlege i utgreiingar, høyringsuttalar, o.l., og ved det ikkje berre medverkar på vegne av sin organisasjon

eller eigne interesser, men også kommunen sine.

Habilitetsreglane gjeld teneste eller arbeid som vert utført for *"forvaltningsorgan"*. Dette omfattar eitkvart organ for stat eller kommune, jf. fvl. § 1, m.a. kommunale foretak, vertskommunar, interkommunale styre som ikkje er sjølv-stendige rettssubjekt, men ein del av kommunen, m.m.

Interkommunale styrer i selvstendige rettssubjekter og kommunalt eide selskaper kan også bli regnet som organ for kommunen. Dette avgjøres ut fra en konkret vurdering av arten av den virksomhet som drives, jf. kommuneloven (koml.) § 27.

Habilitetsreglene kommer også til anvendelse for ansatte og medlemmer av styrende organer i interkommunale selskaper, jf. lov om interkommunale selskaper § 15, jf. § 40 nr. 3.

Kommunal forretningsdrift omfattes også.

Habilitetsreglane skal også gjelde privatpersonar, private verksemdar, organisasjonar og institusjonar som kommu-

nen brukar som utgreiarar, rådgjevarar, e.l. i saksførebuinga. Dette byggjer på ei konkret vurdering av kvar einskild sak. Dersom kommunen betalar for ytinga tilseier det at habilitetsreglane skal nyttast.

Vidare gjeld reglane for verksemd – til dømes aksjeselskap – som er eigd av det offentlege, og for andre verksemdar som er finansiert og kontrollert av det offentlege, og såleis ivaretek meir offentlegrettslege siktemål.

2.1.2 Når reglane gjeld

Når vedtak vert gjort, sjå definisjon av vedtak i fvl. § 2 bokstav a:

vedtak, en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter);

Habilitetsreglane gjeld også når det vert lagt tilrette for ei avgjerd (utgreiingsstadiet, førebuingssadiet, m.m.), og når avgjerd vert teke, jf. fvl. § 6. Dette gjeld også ved formelle uttalar gjeve av forvaltningsorganet, då slike uttalar ofte legg til rette for eller er ein del av grunnlaget for ei avgjerd av forvaltninga, eller fordi uttalen kan ventast å verte følgd eller akseptert ved avgjerder av andre organ eller av private.

Tilsvarande gjeld for generelle utgreiingsarbeid, jf. alminnelege prinsipp for sakshandsaming og god forvaltnings-skikk, dersom ikke det er gjort heilt klart at ein har gått på tvers av desse, til dømes ved partsrepresentasjon i eit utgreiingsutval.

Inhabile tenestemenn kan gi uttale på vegne av seg sjølv eller andre med partstilknytning. Uttalen må i slike tilfelle ikke framtre som ein uttale frå det offentlege, men heller som eit partsinnlegg, e.l., der det går fram at vedkommande er inhabil.

2.2 Særlege habilitetsreglar

Kommunelova § 40 nr. 3 har diverse særreglar vedkommande habilitet for folkevalde og tilsette i kommunar, m.a. kva gjeld sakshandsaming i folkevald organ og klagehandsaming, sjå vidare i pkt. 4.

3

NÆRARE OM INNHALDET I DEI ALMINNELIGE HABILITETSREGLANE

3.1 Innleiing

Dei alminnelege reglane om habilitet går fram av forvaltningslova kapittel II, §§ 6 til 10.

3.2 Oversikt over grunnlag for inhabilitet

Forvaltningslova § 6 stiller opp alternative grunnlag for inhabilitet. Det er altså tilstrekkeleg at vilkåra i eitt av grunnlagene er oppfylt.

Dei aktuelle grunnlagene er:

- Første ledd bokstav a til e: Konkrete tilknytnings-tilhøve mellom tenestemannen og saka eller saka sine parter. Dette fører automatisk til inhabilitet.
- Andre ledd: Skjønnsmessig regel om at tenestemannen også kan bli inhabil etter ei konkret vurdering, der ei rekkje moment kan vere relevante.
- Tredje ledd: Reglar om avleia inhabilitet.

Desse grunnlagene vert nærare omtala i det følgjande:

3.2.1 Om § 6 første ledd

Inhabilitet ligg føre når det finst konkrete tilknytnings-tilhøve mellom tenestemannen og saka eller saka sine parter (person som avgjerda rettar seg mot eller saka elles direkte gjeld, jf. fvl. § 2 første ledd bokstav e).

Lova stiller opp fem tilfelle der det ligg føre slike konkrete tilknytningstilhøve.

Eventuelt andre tilknytningar til saka, som ikkje vert omfatta av dei følgjande punkta må vurderast etter habilitetsregelen i § 6 annet ledd, jf. punkt 3.2.2, evt. særreglar, jf. punkt 4.

3.2.1.1 Bokstav a – når tenestemannen sjølv er part i saka
Den som sjølv er part i saka er inhabil. Ein kan t.d. ikkje handsome sin eiga byggesak e.l.

Eit praktisk døme på nokon som ikkje er part, og dermed ikkje kan seiast å vere inhabile, er kandidatar som er valde til offentlege tillitsverv, i valprosessen. Desse kan altså røyste på seg sjølv. Tilsvarande gjeld for generelle vedtak om godtgjering for slike verv.

3.2.1.1.1 Vilåret: "person"

Ordlyden "person" dekkjer myndige fysiske personar så vel som umyndige (likevel opptrer foreldre/verje på barnet sitt vegne i saka, sjå fvl. § 16 om barnet sine partsrettar), samt organisasjonar og andre juridiske personar.

3.2.1.1.2 *Vilkåret: "en avgjørelse retter seg mot el-
ler den en sak ellers direkte gjelder"*

Det må i eitkvart tilfelle gjerast ei konkret vurdering av kven som må sjåast som part i ei sak. Relevante moment i ei slik vurdering er forvaltningspraksis, saka sin karakter, saka sine rettsverknader, saka sitt formål, m.m. Momenta må mellom anna sjåast opp mot den problemstillinga rettsreglar reiser i saka, og kva interesser og omsyn som er relevante ved avgjerd av saka.

Normalt vil saker som medfører individuelt pålegg eller forbod mot ein person, eller saker som gjeld eit tilhøve ein person har søkt om, tilseie at vedkommande person er part i saka.

I saker om avgrensa gode der det må søkjast om det aktuelle godet, vil alle søkjarar normalt sjåast på som part i same saka.

I saker der det ikkje er avgrensa gode eller "tak" på antall løyve som kan gjevast, og at det ikkje ligg føre noko form for konkurransetilhøve mellom søkjarane, blir dei ikkje vurderte som part i same sak – kun part i eiga sak.

Også personar som saka ikkje direkte er retta mot kan bli å sjå på som part i ei sak. Avgjerande vil vere om det i saka skal eller kan takast omsyn til vedkommande sine interesser, og kor direkte og vesentlege verknader det er tale om.

3.2.1.2 *Bokstav b – når tenestemannen er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken*

Også den som er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken er inhabil.

Inhabilitet etter svogerskap inntrekkur kun ved formelt ekteskap eller registrert partnerskap. Sambuartilhøve og forloving inneber ikkje inhabilitet etter denne bestemmelsen, sjå likevel punkt 3.2.2.

Inhabilitet på grunn av slekt og svogerskap omfattar til dømes den som er

- i slekt med part i opp- eller nedstigande linje;
- gift med ein part sine slektningar i opp- eller nedstigande linje;
- søskjen med ein part; eller er
- gift med ein part sine søskjen (svogerskap).

3.2.1.2.1 *Vilkåret "oppstigande linje"*

Slektningar i oppstigande linje er foreldre, besteforeldre, oldeforeldre, osv.

3.2.1.2.2 *Vilkåret "nedstigande linje"*

Slektningar i nedstigande linje er barn, barnebarn, barnebarns barn, osv.

Adoptivforhold blir likestilt med biologisk slektskap når det gjeld habilitetsreglane i fvl. § 6 første ledd bokstav b.

3.2.1.2.3 *Sideline så nært som søskjen*

Dette inkluderer også halv søskjen, men ikkje stesøskjen.

Adoptivbror- eller søster er likestilt med biologiske søskjen, jf. Rett ovanfor.

3.2.1.2.4 *Anna*

Eventuelt anna slektskap må vurderast etter habilitetsregelen i § 6 andre ledd, jf. punkt 3.2.2. Mellom anna må stesøskjen vurderast etter regelen i andre ledd.

Også fjernare slektningar som fettarar, kusiner, onklar, tanter, niesar og nevøar må vurderast etter andre ledd.

3.2.1.3 *Bokstav c – når tenestemannen er eller har vore gift med eller er forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part*

Den som er eller har vore gift eller er forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til part er inhabil.

Berre forlovingar, formelt ekteskap og registrert partnerskap blir omfatta av regelen, som gjeld både tidlegare og noverande forlovingar/ekteskap/partnerskap.

Andre liknande tilknytningsforhold, som sambuerskap og liknande må vurderast etter habilitetsregelen i § 6 andre ledd, jf. punkt 3.2.2.

3.2.1.4 *Bokstav d – når tenestemannen er verge eller fullmektig for ein part i saka eller har vore verge eller fullmektig for ein part etter at saka starta*

Regelen dekkjer berre den som sjølv har vore slik verje eller fullmektig.

Både verge med familietilknytning og verge som er oppnemnd blir omfatta. Det er ikkje av relevans om den konkrete saka knyter seg til verjeforholdet.

At ein har vore fullmektig eller verje for parten før saka tok til, blir ikkje omfatta av regelen.

Andre liknande tilknytningsforhold må vurderast etter habilitetsregelen i § 6 annet ledd, jf. punkt 3.2.2.

3.2.1.5 *Bokstav e – når tenestemannen leier eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for enkelte samvirkeforetak eller selskap*

Inhabil er den som leier eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for:

1. samvirkeforetak, eller ei forening, sparebank eller stifting som er part i saka, eller
2. eit selskap som er part i saka. Dette gjeld likevel ikkje for person som utfører teneste eller arbeid for eit selskap som er fullt ut offentleg eigd og

dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka.

Med "ledende stilling" meiner ein den øvste leiaren eller dei som tek del i den daglige leiinga av verksemda, uavhengig av stillingstittel.

Vedkomande som har slik stilling/verv som omtala i denne regelen, er inhabil, uavhengig av om vedkomande har/ikkje har særleg eller direkte og formell tilknytning til selskapet utover dette, eller har personlege særinteresser i saka, e.l. Det er også irrelevant for habilitetsvurderinga om vedkomande får/ikkje får utbytte av stillinga/vervet, eller om vedkomande er/ikkje er oppnemnd av kommunen for å ivareta offentlege interesser.

Bakgrunnen for dette er at vedkomande uansett har nær tilknytning til selskapet/foreninga og vil kunne identifiserast med dette. Reint objektivt svekkar det tilliten til at tenestepersonen er upartisk ved handsaminga av saka der selskapet/foreninga er part.

Andre typer tilknytning til eit selskap eller ei samanslutning enn det som går fram av ordlyden i denne regelen må vurderast etter habilitetsregelen i § 6 andre ledd, jf. punkt 3.2.2.

3.2.1.5.1 Vilkåret "selskap"

Vilkåret "selskap" omfattar privatrettslege selskap, som aksjeselskap, samt offentlegrettslege selskapsformer, som helseføretak, Norges Bank, o.l.

Tilsvarande gjeld for samanslutningar oppretta som eit sjølvstendig rettssubjekt, jf. kommuneloven (kompl.) § 27 om interkommunalt samarbeid, og denne samanslutninga er part i saka. Korvidt eit slikt samarbeid er eit eige rettssubjekt er avhengig av ei konkret vurdering der fleire moment er aktuelle, mellom anna korvidt samarbeidet

- har eit eige budsjett;
- har mynde til å tilsetje personale;
- inngår avtalar med andre; eller
- ved fleirtal i styret kan binde eit mindretall, m.m.

Utanfor vilkåret "selskap" fell mellom anna kommunale foretak og vertskommunesamarbeid. Eventuell inhabilitet må her vurderast ut frå vilkåra i § 6 annet ledd, jf. punkt 3.2.2.

Kva gjeld "part i saken" vedkjem dette som nemnt alle personar som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld, jf. fvl. § 2 bokstav e. I § 6 bokstav e sin samanheng vert det teke sikte på selskap som vert råka av avgjerda. Det avheng av ei skjønsmessig vurdering frå sak til sak kven som har partsstatus, og det vil variere frå sakstype til sakstype om det må leggjast til grunn ei vid eller snever ramme for kven som blir rekna som part.

3.2.1.5.2 Særleg om unntaksbestemmelsen i § 6 bokstav e nr. 2 for "person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken"

Tidlegare var det også gjort unntak for folkevalde og offentlege tenestemenn som var *leiar eller medlem av styre eller bedriftssamling* i selskap som fullt ut er eigd av det offentlege. Dette unntaket vart fjerna i 2009, sjå vidare i punkt 7.

Ordlyden "person" siktar ikkje her kun til offentlege tenestemenn, men også til einkvar annan som utfører arbeid eller teneste for eit forvaltningsorgan, jf. fvl. § 10.

Vilkåret kjem kun til bruk når personen konkret utfører teneste eller arbeid for selskapet. Dersom personen er tilsett i selskapet og handsamar saka i eigenskap av saks-handsamar eller folkevald i kommunalt forvaltningsorgan, gjeld unntaket ikkje.

Eigarselskapet og selskapet som er part må være fullt ut eigd av det offentlege, altså av kommunen, anten direkte eller indirekte. Kun reelt eigarskap vert omfatta. At det offentlege til dømes dekkjer utgifter ved verksemda er ikkje tilstrekkeleg til å konstatere inhabilitet etter denne regelen.

Ordlyden "eller det offentlige" omfattar tilfelle der selskapet som er part i saka, dels vert eigd direkte av eit selskap som igjen er eigd av det offentlige, og dels er eigd direkte av det offentlege.

Unntaksregelen slår fast at ein person som har "dobbel tilknytning" til saka, i visse tilfelle ikkje vert ramma av inhabilitetsregelen i § 6 første ledd bokstav e. Unntaksbestemmelsen kan best forklarast ved å ta utgangspunkt i eit mor- dotterforhold mellom to selskap, der dotterselskapet er part i saka, medan morselskapet skal tilrettelegge grunnlaget for eller avgjere saka der dotterselskapet er part.

Bestemmelsen går ut på at den, som både i kraft av å utføre teneste eller arbeid for morselskapet, skal tilrettelegge grunnlaget for eller avgjere ei sak der dotterselskapet er part, og samtidig har leiande stilling eller medlemskap i dotterselskapet sitt styre eller bedriftsforsamling, ikkje utan vidare er inhabil.

Dette knyter seg m.a. til den ikkje heilt upraktiske situasjonen der ein person er representert både i eit mor- og eit dotterselskap på den nemnde måten. Formålet med bestemmelsen er altså at vedkomande skal kunne gjennomføre saksutgreiing eller fatte avgjerd hos morselskapet som vanleg, sjølv om saka vedkjem eit heil- eller deleigd dotterselskap.

Merk at dette unntaket utelukkande knyter seg til saks-
handsaminga i *eigarselskapet*. Dreier det seg om saks-
handsaming i kommunale organ, vil unntaket ikkje kome
til nytte.

Det må også minnast om at ein, som nemnt ovanfor, fram-
leis kan kome til at vedkomande ikkje er habil etter den
skjønsmessige vurderinga som må foretakast etter § 6 an-
dre ledd, jf. pkt. 3.2.2 like nedanfor.

3.2.2 *Nærare om § 6 andre ledd*

Dersom ein tenestemann har anna tilknytning til saka enn
det som går fram av reglane i § 6 første ledd, kan in-
habilitet likevel ligge føre etter § 6 annet ledd i følgjande
tilfelle:

*Likeså er han ugild når andre særegne forhold
foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans
upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om
avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel,
tap eller ulempe for ham selv eller noen som han
har nær personlig tilknytning til. Det skal også
legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av
en part.*

Bestemmelsen skal altså fange opp andre tenkte situa-
sjonar der ein tenestemann har ei klar, handfast og ikkje
uvesentleg partsliknande interesse i resultatet. Dette gjev
tilvising til ei brei og skjønsmessig vurdering, der spørs-
målet er om vedkomande tenestemann eller folkevalde si
tilknytning til saka eller partane medfører at tilliten til ei
nøytral handsaming av saka kan bli svekka.

I det følgjande vert vilkåra i ordlyden gjennomgått.

3.2.2.1 *Vilkåret "særegne forhold"*

For inhabilitet krevst tilhøve som skil seg frå det som blir
oppfatta som typisk for ein aktuell relasjon. Dette kan vere
tilhøve som liknar på § 6 første ledd, eller i heilt andre
tilhøve.

Til dømes ligg det ikkje ikkje automatisk føre inhabilitet
med mindre det er tale om nære slektstilhøve, som fetter,
tante, stesøsken, kusine, onklar, nieser, nevøar, e.l., jf. §
6 første ledd. Grensene som er trekt opp i § 6 første ledd
må respekterast. Slike tilhøve medfører derfor heller ikkje
automatisk inhabilitet etter § 6 annet ledd.

Det krevst då noko "særlig" i tillegg til dette for at inha-
bilitet skal gjere seg gjeldande. Eit slikt særlig tilhøve vil
typisk vere at tilhøvet mellom dei to personane er tettare
enn det som til vanleg er tilfelle i slike situasjonar, evt. at
saka er av særleg stor viktighet for parten.

Vilkåret kan også vere oppfylt ved nære vennskap eller
sterke motsetningstilhøve til ein part. Her går den nedre
grensa ved slikt som alminneleg kjennskap til kvarandre,
kollegialt forhold, at ein er fagleg eller politisk usamd med

ein part e.l. – i seg sjølv kvalifiserer slike forhold ikkje til
inhabilitet. Men har den aktuelle tenestepersonen t.d. i
tillegg gjeve uttrykk for bestemte meiningar om utfallet av
ei spesifikk sak, vil inhabilitet likevel lett kunne ligge føre.

Ligg det føre fleire særlege forhold, dvs. fleire former for
tilknytning til saka eller partane, må desse vurderast sam-
la for den enkelte tenestemann eller folkevalde.

3.2.2.2 *Vilkåret "egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet"*

Med dette vilkåret vert det ikkje sikta til forhold som ska-
per mistillit til vedkomande tenestemann personleg, men
til ytre forhold som generelt og objektivt er eigna til å
svekke tilliten til ein tenesteperson. Altså skal vurderinga
gjerast utan omsyn til tenestepersonen sin integritet, e.l.
Ein spør korleis omstende rundt saka og vedkommande
tenesteperson si tilknytning til saka kan oppfattast av ein
nøytral eller utanforståande person, i forhold til den al-
minnelege forventning innbyggjarane har til upartiskheit
blant tenestepersonar.

Det følgjer av dette, og av ordlyden "egnet", at terskelen
for inhabilitet ikkje ligg veldig høgt. Regelen sitt sentrale
føremål er å ta i vare borgarane sin tillit til forvaltninga
på brei basis, og dette gjer at det er irrelevant i vurderinga
om tilhøva reint faktisk svekkje tilliten til vedkomande te-
nesteperson sitt tilretteleggingsarbeid/vedtak eller ikkje.

3.2.2.2.1 *Moment i vurderinga*

I den konkrete vurderinga av ovannemnde to vilkår skal
det mellom anna sjåast til om saka kan innebære ein sær-
leg fordel, tap eller ulempe for tenestepersonen sjølv eller
nokon han har nær personlig tilknytning til.

Også andre forhold kan føre til inhabilitet, jf. ordlyden
"blant annet". Dette kan til dømes vere dersom teneste-
personen, eller nokon han/ho har ei form for særleg til-
knytning til, i utprega grad har engasjert seg i ei sak. For
utnemnd medlem i kollegialt organ, evt. politiskar som inn-
tek politisk grunngjevne standpunkt, personleg eller med
utgangspunkt i partiprogram, må det takast høgd for at eit
slikt engasjement kan vere ein legitim del av vedkomande
sin utøving av sitt verv, uten at dette utan vidare utgjør eit
"særegent forhold".

Det må i vurderinga takast omsyn til kor direkte interesse
det er tale om, kor stor økonomisk og/eller praktisk inn-
verknad avgjerda vil få for tenestepersonen, og i kva grad
det er tale om ei særinteresse og styrken av dei interesser
saka vedkjem.

3.2.2.3 *Vilkåret "særlig fordel, tap eller ulempe for han sjølv eller nokon som han har nær personleg tilknytning til"*

Dette gjeld fordel eller ulempe som tilkjem vedkomande
spesielt, eller vedkomande vil merke i spesielt stor grad.
Fordel eller ulempe som får lik verknad for ein større eller
ubestemt krets av personar, er ikkje særleg for teneste-

personen, og bestemmelsen blir såleis ikkje til brukt.

Utover å vere ein særleg fordel eller ulempe, kan det vere tale om stort sett dei fleste typer fordeler/ulempar, f.eks. ideelle, økonomiske, faglege, karrieremessige eller personlege. Slike kan m.a. oppstå på bakgrunn av nabo-forhold, konkurranseforhold, interessefellesskap eller interessemotsetningar.

"Nær personlig tilknytning til" skal forståast slik at det må ligge føre ei tilknytning som tilsvarer dei former som er omtalte i § 6 første ledd. Til dømes må det vere tale om ei personleg tilknytning som er like nær den ein normalt har til søskjen, svoger, e.l.

Dersom tenestemannen har eit tett personlig vennskapstilhøve til parten, medfører dette normalt inhabilitet, og særleg om dei har regelmessig omgang privat. Relevant i vurderinga er også styrken av dei interesser parten har i saka.

3.2.2.4 *Det skal også leggjast vekt på om ugildhetsmotseiing er reist av ein part*

Det er ikkje avgjerande korleis motseiinga er fremja – med *"reist"* omfattast einkvar motseiingar, både skriftlige og muntlige.

Dette vurderingsmomentet får størst betydning når inhabilitetsspørsmålet er tvilsamt. Står ein overfor eit tvilsamt inhabilitetsspørsmål, vil det normalt tippe vektsskåla i favør inhabilitet dersom motseiinga er reist av ein part i den aktuelle saka.

3.2.2.4.1 *Andre moment*

Med ordlyden *"blant annet"* er det i prinsippet opna for å trekkje inn alle relevante vurderingsmoment som kan vere viktig for vurderinga av vedkomande sin upartiskheit, i tillegg til momenta som lova nemner og som skal vektleggast.

Eit moment som i visse tilfelle vert tillagt vekt, men som ikke er nemnt i lova, er tilfelle der det er vanskeleg å finne erstattar for den inhabile, fordi fagmiljøet eller lokalmiljøet er lite og det er vanskelig å finne nokon som ikkje har tilknytning til saka eller partane. I slike situasjonar kan det etter omstenda vere tillate at vedkomande arbeider med vedtaket / tilrettelegginga, dersom dette er einaste mulighet til å sikre forsvarleg sakshandsaming.

I slike tilfelle er det viktig å dokumentere at sakshandsaminga likevel er nøytral, og så langt som muleg prøve å oppfylle lova sitt formål om upartisk sakshandsaming, t.d. ved å legge til rette for at partane får uttale seg og følgje saksgangen nært. Ein rår likevel til at den nødvendige kompetansen blir henta inn frå nabokommuner e.l., dersom dette let seg gjere.

3.2.2.5 *Praktiske eksempel – § 6 andre ledd*

Nokre av dei mest praktiske vurderingane etter § 6 andre ledd knyter seg til slektsforhold som ikke vert dekte av reglane om dette i § 6 første ledd. Døme på slike er:

- Sambuarforhold og forlovingar, som fell utanfor ordlyden i § 6 første ledd bokstav c
- Faste samlivsforhold og ekteskapsliknande forhold utan formelt ekteskap skal som hovudregel automatisk føre til inhabilitet.
- Slekt av ein part sin ektefelle, som fell utanfor ordlyden i § 6 første ledd bokstav b
- Slektingar som ikkje er i direkte opp- eller nedstigande line eller søskjen, til dømes søskjenbarn/nevøar/nieser, som fell utanfor ordlyden i § 6 første ledd bokstav b
- Normalt skal det ikkje mykje til for at inhabilitet skal inntre der tenestemannen sitt søskjenbarn er part. Tilknytning ved familiesamankomster med jamne mellomrom blir rekna som tilstrekkjeleg.
